

# Utprøving av langtidsoppgåve til eksamen

Våren 2024 har om lag 100 vidaregåande skolar prøvd ut langtidsoppgåve i tre fag. På sikt kan ei langtidsoppgåve bli eit alternativ eller supplement til dagens eksamensformer.

---

**ARTIKKEL** | SIST ENDRET: 12.04.2024

---

## Utprøving i fag med ulike kvalitetar

Utdanningsdirektoratet har starta eit langsiktig arbeid med å utvikle og prøve ut modellar for ei mogleg ny eksamensform i tre fag på vidaregåande skule. Den nye eksamensforma er ei langtidsoppgåve, og vart prøvd ut våren 2024 i følgjande fag:

- [biologi 2](#)
- [matematikk 1P-Y](#)
- [politikk og menneskerettar](#)

Faga er ulike, men har det til felles at dei har sentralt gitt skriftleg eksamen. Eigenarten til faga gir gode høve til å prøve ut ulike modellar for ei langtidsoppgåve, og er derfor valt ut i første utprøving.

Langtidsoppgåva har bakgrunn frå [tilrådingane](#) i [eksamensgruppa](#) og [fullføringsreforma](#).

Skolane hadde ansvar for å gjennomføra utprøvinga i tråd med modellen i faget, mellom januar og april 2024. I perioden kunne faglærarane sjølv velja når oppgåva skulle gjennomførast, og eventuelt gjere lokale tilpassingar. Arbeidet med langtidsoppgåva er meint å vere ein del av opplæringa og vurderinga i faget, og ikkje noko som kjem i tillegg.

Langtidsoppgåva kan gi eleven betre tid til å vise kompetanse på fleire og varierte måtar. Utprøvinga gir oss kunnskap om langtidsoppgåva kan gi elevane høve til å vise kompetanse i tråd med nytt læreplanverk, på ein betre måte enn dagens eksamen. Erfaringar og kunnskap frå utprøvingane vil bli lagt til grunn om

det på eit seinare tidspunkt skal oppskaleras til eit forsøk. I eit forsøk vil elevane få unntak frå regelverket slik at langtidsoppgåva vil erstatte eksamen for dei elevane som deltek.

NTNU evaluerer utprøvinga på oppdrag frå Udir. Første rapport kjem i løpet av sommaren 2024.

## Vurdering av langtidsoppgåva

Langtidsoppgåva erstattar ikkje eksamen, og elevar som deltek i utprøvinga følgjer ordinær eksamensordning. Langtidsoppgåva er ein del av undervegsvurderinga i faget, og kan inngå i vurderingsgrunnlaget til standpunktkarakteren.

Det er viktig at faglærer gjer tydeleg for elevane kva som skal inngå i og vektleggjast i vurderinga, i god tid før dei startar opp med langtidsoppgåva.

For ei mest mogleg rettferdig og påliteleg vurdering, skal langtidsoppgåva vurderast av både faglæraren til eleven og ein ekstern faglærer. Det kan vere ein faglærer på same skole eller frå ein annan skole. Det kan vere praktisk at skolar som deltek i utprøvinga samarbeider og at faglærarane vurderer for kvarandre.

Det er mogleg å bruke til dømes Teams i samband med vurderingsarbeidet dersom det er meir formålstenleg enn å møtast fysisk.

Den eksterne faglæraren vil få eit fast honorar på 750 kroner per elev for oppdraget med vurdering. I tillegg dekkjer Utdanningsdirektoratet eventuelle reisekostnader i samband med ekstern vurdering. Skolane skal registrere ekstern faglærer i eit eige skjema som blir sendt til dykk seinare.

## Samarbeid og bruk av hjelpemiddel

Vi ønskjer å finne ut kva som kjenneteiknar bruk av hjelpemiddel når elevar jobbar med ei oppgåve over tid. Forskarane skal derfor evaluere korleis elevane bruker hjelpemiddel i arbeidet med langtidsoppgåva.

Det er viktig at sluttproduktet er elevens eige og eit resultat av innsatsen til eleven. I utprøvinga av langtidsoppgåva kan elevane innhente informasjon frå ulike kjelder og ved hjelp av ulike verktøy. Elevane kan bruke hjelpemiddel som dei elles bruker i opplæringa, og dei skal følgje krav til påliteleg kjeldebruk. Mange elevar kan også ha god nytte av å samarbeide med medelevar og/eller eksterne aktørar i arbeidet med langtidsoppgåva.

Faglærer må setje rammer for bruk av ulike hjelpemiddel, samarbeid mellom elevar og eventuell bruk av KI i arbeidet med langtidsoppgåva. Rammene vil også kunne forenkle vurderinga av langtidsoppgåva for den eksterne faglæraren.

Skolar som vil prøve ut KI på ein pedagogisk forsvarleg måte må lage tydelege rammer for elevar og lærarar. Skoleeigar og kvar enkelt skole må gjere ei vurdering av personvern og informasjonssikkerheit dersom tenester basert på KI skal takast i bruk.

[Informasjon om bruk av KI i opplæringa.](#)

## Utprøving 2025

I 2025 vil vi fortsette utprøvingen av langtidsoppgaven. Våre erfaringar frå den første utprøvinga vil være nyttig i det vidare arbeidet med neste utprøving.